

Nulltoleranse for desse tre ugrasa



Linbendel

Linbendel kan sjå uskuldig ut, men kvar plante produserer mange tusen frø. Om ikkje me passar på å fjerna plantane før dei går i frø, kan me få eit større problem med planten neste år. Me har mykje vassarve i åkeren (på biletet ser me linbendel, vassarve og potet), men dei veks seg ikkje like høge som linbendel, og konkurrerer difor ikkje like mykje om sollyset som det linbendelen gjer. Me vil difor "ta vare på" vassarven som det dominerande ugraset i åkeren.

Linbendel var eit vanleg ugras i åkrane før i tida, og frø frå planten kan halda seg spiredyktige i jorda i mange hundre år.



Meldestokk

Meldestokken vert høg, og er godt synleg i åkeren etter kvart som han gror til. Sjølv om storleiken gjev oss god tid til å finna og fjerna plantane før dei frø seg, prøver me likevel å fjerna spirene i god tid. Meldestokk vert sjeldan eit stort problem, men storleiken på plantane gjer at me uansett må få fjerna dei for at grønsakene våre skal få nok sol og næring.

Meldestokk er eteleg og i slekt med quinoa. I førhistorisk tid vart frøa nytta av menneska i Europa. I likskap med linbendel kan frøa halda seg spiredyktige i jorda i mange hundre år.



Høymole

Høymole er "bondens skrekk", men vert ikkje eit problem i ein åker som vert pløygd kvart år sidan planten er toårig.

Me fjernar likevel desse når me ser dei – aller helst det fyrste året sidan planten ikkje utviklar frø før år nummer to.

NB! Legg ALDRI ugras med blomar eller frø i komposten!

(Kast i bossekk eller brenn dei).